



Kolbjørn Lunga
Dalemarka 123
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4677 - 15/2549

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2015

Godkjenning - oppføring av garasje på gbnr 21/57 i Dalemarka.

Administrativt vedtak. Saknr: 39/2015

Tiltakshavar: Kolbjørn Lunga
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2.

SAKSUTGREIING

Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 11.12.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på 35 m2 BRA på gbnr 21/57 i Dalemarka.

VURDERING

Planstatus:

Eigedommen er i reguleringsplanen for Dalemarka regulert til bustadområde. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 27.11 - 08.12.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 11.12.2014. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Samla bustadareal på tomta, saman med garasje og andre uthus, skal ikkje vera meir enn ¼ av tomta sitt areal, jf reguleringsføresegnene for Dalemarka § 7. Tomta er på 1012,5m. Følgjeleg samsvarar tiltaket med reguleringsplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planløyysning og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyysning og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gbnr 21/57 i Dalemarka, i samsvar med søknad motteke 11.12.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 11.12.2014.

Plassering som vist på motteke situasjonskart kan ha følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak»

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming følgjer vdlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Kolbjørn Lunga

Dalemarka 123 5918

FREKHAUG